

## Handball

Styret 2001:

Leiar:	Elin Herland	Nestleiar:	Atle Bøe
Kasserar:	Unni M. Mjelde	Skrivar:	Sigrun Reigstad
Styremedl.:	Karstein Tjong	Styremedl.:	Anne Britt Mjelstad
Styremedl.:	Tony Lillefosse		

### Året som har gått – i korte trekk:

- Laga:** Pr. i dag har me 53 aktive fordelt på 4 lag: J 11, J 12, J 13 og damer. Jentelaga deltek i vanleg seriespel, damelaget i bedriftsserie. Dette er 2 lag meir i seriespel enn forrige sesong! Målet for neste sesong er å få i gong eit jenter 15 lag (evt. jenter 14), i tillegg til dei laga me har i dag, og at damelaget går over til vanleg seriespel. Får me dette til har me eit godt tilbod på jente/damesida. Neste steg vert då å få i stand eit tilbod til gut/herre. Sprengt kapasitet i hallen, høg halleige og mangel på kvalifiserte trenarar er dei største hindra. Det må likevel seiast at me har tatt lange steg i rett retning det siste året.
- Halleiga:** Eit stadig tilbakevendande problem har vore leigeprisen i Osterøyhallen. Me leiger full bane tre timar i veka + kampar, med ei halleige på kr. 450,- pr. time vert dette ein stor sum. Etterkvart har me heldigvis klart å få i stand ein avtale med Osterøy Aktiv som me kan leva med.
- Vakthald i Osterøyhallen:** I haust fekk med i stand ein avtale med Osterøy Aktiv: Denne avtalen går i korte trekk ut på at handballgruppa har vakthald i hallen 4 kveldar, mot at halleiga = ca. 0,-. Me har også fått mogelegheit til å få inn sponsorar i form av reklameskilt på eine kortveggen. Dette arbeidet er no i gang, og ser ut til å bli ei god inntektskjelde framover. Vakthaldet fungerer slik: Tre av kveldane har me "tilsett" folk, den fjerde kvelden er basert på dugnadsinnsats.
- Budsjett/Økonomi:** Då styret vart konstituert vart det oppretta ei eiga økonomi nemd. Nemda har i hovudsak arbeidd med samarbeidsavtalen med Osterøy Aktiv.

Dette har vore gjort for å få inn pengar i 2001:

- Kakelotteri/lynlotteri i Haus, Lonevåg og Valestrand
- Lotteri på Osterøymessa (her er det gevinstar att)
- Kiosksal på husflidsmessa
- Lotteri pålagt av handballforbundet (skrapelodd)
- Vakthald i Osterøyhallen
- Treningsavgift
- Fordelte midlar frå hovudlaget

På grunn av god økonomi i haust vart treningsavgifta for studentar sett ned frå 450,- til 300,- kr pr. halvår. Det vart også innført ein søskenmoderasjon for born: 300,- + 150,-. Budsjettet for år 2001 er godkjent av hovudkasserar for OIL, og økonomien må seiast å vera god.